



Møteinkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjestova

Dato: Torsdag 2. mai 2019

Tid: Kl. 15.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Rasmus Fitjar	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem N.B. Ord for dagen
Bodil Nesse	Medlem
Gunvald Aarbø	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 28. april -2019

Sigrid Marie Fangel

Harald Rydland

Soknerådsleiar

Kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr. Tittel

**Sak for communal
representant**

S-15/19	Soknerådsvalet, godkjenning av liste	
S-16/19	Oppsummering etter soknemøte	
S-17/19	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-18/19	Referat frå sist møte	
S-19/19	Meldingssaker	
S-20/19	Open post	



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 15/19: Soknerådsvalet, godkjenning av liste

Nominasjonskomiteen, som soknerådet tidlegare har oppnemt for å komma med framlegg til liste over kandidatar til soknerådsvalet 2019, har no avslutta arbeidet sitt. Dei har lagt fram ei liste med 12 namn. Til soknerådet i Fitjar skal det veljast åtte medlemer og fem varamedlemer (jfr. Kyrkjevalreglane). Det vil sei at det må føyst til eitt namn på lista dersom ein skal ha nok kandidatar. Til no har ikkje andre enn nominasjonskomiteen komme med listeframlegg.

Fristen for innlevering av listeframlegg til valstyret (soknerådet) er sett til 30. april. Listene skal vera godkjent av valstyret (soknerådet) seinast den 6. mai, for deretter og leggjast ut til offentleg ettersyn.

På nominasjonskomiteen si liste har me desse namna:

1. Sigrid M. Fangel
2. Svein Lunde
3. Anne Marie Røed
4. Håkon Rydland Sæbø
5. Hilda Gloppen
6. Hermann Inge Aadland
7. Jostein Skram
8. Magnor Tverderøy
9. Karin Maria Korsvik
10. Tom Rydland
11. Wenche Andersen Helland
12. Åse Rygg Nøttveit

Medlemene i soknerådet vert oppmoda om å arbeida for å finna ein kandidat til som kan setjast på lista før den vert godkjent på soknerådsmøte.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner fylgjande liste for soknerådsvalet 2019:

1. Sigrid Marie Fangel
2. Svein Lunde
3. Anne Marie Røed
4. Håkon Rydland Sæbø
5. Hilda Gloppen
6. Hermann Inge Aadland
7. Jostein Skram
8. Magnor Tverderøy
9. Karin Maria Korsvik
10. Tom Rydland
11. Wenche Andersen Helland
12. Åse Rygg Nøttveit
13. -----



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 16/19: Oppsummering etter soknemøte

På soknemøte den 7. april inviterte soknerådet kyrkjelyden til å komma med synspunkt på kva summen som er att på fondet for kyrkjelydsprest bør brukast til. Det står no om lag kr. 640.000 på fondet. Etter at soknerådsleiaren si innleiing, der historie og status for kyrkjelydsprest og fond var tema, fekk medlemer av kyrkjelyden komma med sine synspunkt. Referatet frå møtet er ikkje heilt klart enno, men dei ytringane som kom fram gjekk m.a. på dette:

- Det ligg under soknerådet sitt ansvar å disponera midlane på fondet
- Fondet bør primært nyttast for å styrka ungdoms- og diakoniarbeidet i kyrkjelyden
- Det er ikkje bra at kapitalen vert ståande utan å gjera nytte for seg
- Ein bør ikkje «svi» av pengane i ein fart, men dei bør brukast gjennom gode prosjekt over fleire år
- Soknerådet må laga ein plan for å sikra at bruket av pengane vil gje positiv effekt

Soknerådet sitt arbeidsutval drøfta saka i møte den 26. april. Arbeidsutvalet meiner soknerådet bør arbeida vidare med saka, for å få styrka viktige deler av kyrkjelyden sitt arbeid gjennom bruk av fondsmidlane.

Slik AU ser det, vil ein få best nytte av pengane dersom det vert etablerast ei ordning der ein kan løna ein eller fleire dugande medarbeidarar for å arbeida på områder som kyrkjelyden har ynskje om å styrka. På møtet i AU vart det drøfta ulike idear som ein kan arbeida vidare med. Dette vil det bli lagt fram meir informasjon om i møte.

AU meiner at det i vår kyrkjelyd med fordel kan setjast meir krefter inn på ungdomsarbeid, diakoni, leiaropplæring, informasjon, koordinering av frivillig arbeid m.m. Dersom det skal utarbeidast ein plan med tanke på å få gjort noko med dette, bør det vera eit mål at ordningane som vert etablerte skal vera langsiktige, gjerne opp mot 10 år i første omgang. Når ein skal sjå på finansiering bør ein prøva å få til ein modell der kostnadane kan dekkast gjennom bruk av oppsparte fondsmidlar, faste gåver og ulike tilskot.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vil be om at arbeidsutvalet held fram arbeidet, med saksutgreiinga og det som kom fram gjennom drøftinga i møtet som bakgrunn. Oppdatering om framdrifta i arbeidet vert å leggja fram i neste soknerådsmøte.

Sak 17/19: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som gudstenester, konfirmantsamlingar, trusopplæring, temakveldar, kyrklege handlingar m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa.

Framover skal det gjennomførast fleire arrangement der soknerådet bør sjå om alt er på plass for at ein skal få avvikla arrangementa på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 18/19: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 21. mars vart etter møtet sendt til medlemene for godkjenning. Det endelige referatet er etter godkjenningsprosessen lagt ut på kyrkja si heimeside.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 21. mars 2019.

Sak 19/19: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Sommarvikarar på kyrkjegarden
2. Prosjekt på kyrkjegarden, status og framdrift
3. Bruk av kyrkja til brudevigslar for andre enn medlemer som er busette i soknet

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 20/19: Open post